



Skulekameratane med personale og foreldre samla på Bygdetunet Rød i dag.

8 born frå Uskedal barnehage var på omvisning og oppleving på Bygdetunet Rød og Bøkkerverkstaden i dag. Det er den gruppa som har namnet Skulekameratane og som skal byrja i 1. klasse på Uskedal skule i august månad.. Hanne Saghaug Kroka var pedagogisk leiar. Ho hadde med seg assistenten Berit Dale og nokre foreldre.

Det var ei kvikk og lærelysten gruppe som kom til Rød i dag. I stovehuset vart det fortald om korleis ein levde og budde før, med pappa og mamma, bestefar og bestemor og alle borna i eit og same hus. Rundt bordet i Røykstova fekk ein høyra om den tida då læraren reiste rundt og heldt skule.



[To av borna leika i det store og freda eiketreet på Rød.](#)

Lemstova var som ei bestestova med gardiner, bilete og fine klede langs veggene. Det var janvel bilete av Jesus, Kongen og Dronninga. Men kva skulle vi gjera med klesstampen som var gisna og heldt på å falla i stavar. Jau, alle hjelpte til og fekk stampen i bekken der den står og trutnar.

Det digre og freda eiketreet er alltid like interessant. Borna fekk hjelp til å sitja i den store gropa der greinene deler seg. Det var ikkje nok vatn til å køyra kverna, men alle fekk sjå inn i kvernhuset.

Dagen vart avslutta på Bøkkerkaien med mat og drikke. Før det fekk ein vita kva ein bøkker er for noko og korleis han laga tønner. Ikkje alle vaksne ein gong som veit noko om det.

Ein av dei åtte borna sa på heimvegen at dagen på Rød har vore den beste dagen i livet hans, 6 år og så tydeleg.

Telst/foto/nett: Kristian Bringedal